

Til: Redaksjonar i Møre og Romsdal
Frå: NAV Møre og Romsdal v/direktør Stein Veland
Dato: 1. juni 2023
Emne: PRESSEMELDING 6/2023 - Sjukefråvær 1. kvartal 2023

Sjukefråværet i Møre og Romsdal nær landsgjennomsnittet

Det legemeldte sjukefråværet i Møre og Romsdal 1. kvartal 2023 var 6,2 prosent, noko som er 3,9 prosent lågare enn i same kvartal året før. Samla for landet var sjukefråværet 6,1 prosent.

Lågaste sjukefråvær samanlikna med landet sidan 2017


Sjukefråværet i Møre og Romsdal har sidan 2015 vore høgare enn gjennomsnittet for landet. I første kvartal 2023 var sjukefråværet i Møre og Romsdal berre 2,5 prosent høgare enn landsnittet, som er den lågaste skilnaden sidan tredje kvartal 2017. Til samanlikning var sjukefråværet i fylket vårt 10 prosent høgare enn landsnittet i første kvartal 2021.

Oslo og Rogaland har normalt eit lågt sjukefråvær som trekker landsnittet ned. Sjukefråværet i Oslo var 5,0 prosent og Rogaland 5,4 prosent i 1. kvartal 2023. I tillegg til desse er det berre Trøndelag som har eit lågare sjukefråvær enn Møre og Romsdal dette kvartalet.


Auke i psykiske lidningar

Når vi samanliknar sjukefråværet 1. kvartal i 2023 med same kvartal dei siste åra, ser vi ei stor auke av tapte dagsverk blant sjukmeldte med diagnosar knytt til psykiske lidningar. Første kvartal 2023 var det eit fråvær på 23,3 prosent med sjukdomar i denne diagnosegruppa. I sama kvartal i 2019 til 2022 var fråværet mellom 18,6 og 21,2 prosent, noko som er lik utviklinga samla for landet.


Figur 1: Sjukefråvær i 1. kvartal sidan 2015



Figur 2: Sjukefråværet i kommunane i Møre og Romsdal - 1. kvartal 2023



Figur 3: Sjukefråvær i prosent sidan 1. kvartal 2015



Tabell 1: Sjukefråvær i prosent fordelt på fylker og kommunar

	1. kvartal 2019	1. kvartal 2020	1. kvartal 2021	1. kvartal 2022	1. kvartal 2023	Endring siste år
Heile landet	5,3 %	6,0 %	5,5 %	6,2 %	6,1 %	-2,6 %
Agder	5,4 %	6,3 %	6,0 %	6,6 %	6,4 %	-2,0 %
Innlandet	5,8 %	6,6 %	6,0 %	6,6 %	6,5 %	-0,4 %
Møre og Romsdal	5,6 %	6,1 %	6,0 %	6,5 %	6,2 %	-3,9 %
Nordland	6,3 %	6,8 %	6,5 %	7,0 %	6,8 %	-2,2 %
Oslo	4,4 %	5,0 %	4,4 %	5,2 %	5,0 %	-4,0 %
Rogaland	4,7 %	5,3 %	5,1 %	5,6 %	5,4 %	-4,8 %
Troms og Finnmark	5,9 %	6,7 %	6,4 %	6,9 %	6,8 %	-1,6 %
Trøndelag	5,5 %	6,1 %	5,7 %	6,2 %	6,2 %	-0,2 %
Vestfold og Telemark	5,5 %	6,1 %	5,7 %	6,4 %	6,3 %	-1,7 %
Vestland	5,3 %	6,0 %	5,6 %	6,4 %	6,2 %	-2,6 %
Viken	5,5 %	6,1 %	5,6 %	6,5 %	6,3 %	-2,8 %
1505 Kristiansund	5,7 %	6,3 %	6,3 %	7,1 %	6,5 %	-8,6 %
1506 Molde	5,5 %	5,9 %	5,5 %	6,0 %	5,9 %	-1,3 %
1507 Ålesund	5,4 %	5,8 %	5,8 %	6,1 %	6,2 %	0,2 %
1511 Vanylven	6,5 %	7,5 %	8,1 %	8,7 %	8,1 %	-6,0 %
1514 Sande	4,8 %	6,3 %	6,0 %	7,1 %	6,4 %	-9,3 %
1515 Herøy	5,9 %	6,3 %	6,0 %	6,6 %	6,3 %	-5,5 %
1516 Ulstein	5,0 %	5,3 %	5,2 %	5,8 %	5,6 %	-2,7 %
1517 Hareid	5,4 %	6,7 %	5,9 %	7,5 %	5,9 %	-21,8 %
1520 Ørsta	6,6 %	7,1 %	6,8 %	6,6 %	6,7 %	1,6 %
1525 Stranda	4,9 %	5,6 %	6,7 %	7,4 %	7,4 %	-0,5 %
1528 Sykkylven	6,4 %	7,0 %	5,3 %	6,4 %	6,5 %	1,7 %
1531 Sula	5,8 %	7,1 %	6,2 %	6,7 %	6,3 %	-6,5 %
1532 Giske	5,8 %	6,0 %	6,2 %	6,4 %	7,2 %	12,3 %
1535 Vestnes	6,6 %	7,0 %	6,4 %	6,9 %	6,8 %	-1,1 %
1539 Rauma	6,6 %	6,3 %	6,3 %	6,0 %	6,3 %	4,9 %
1547 Aukra	5,5 %	6,7 %	6,4 %	7,7 %	6,7 %	-13,7 %
1554 Averøy	6,2 %	7,0 %	6,7 %	7,8 %	6,3 %	-19,2 %
1557 Gjemnes	6,4 %	6,6 %	6,1 %	6,8 %	5,9 %	-12,4 %
1560 Tingvoll	5,2 %	6,8 %	6,7 %	6,6 %	7,2 %	8,8 %
1563 Sunndal	3,8 %	3,5 %	4,0 %	4,4 %	4,4 %	0,0 %
1566 Surnadal	5,3 %	6,2 %	6,4 %	6,2 %	5,2 %	-16,2 %
1573 Smøla	6,8 %	7,5 %	7,3 %	7,0 %	5,9 %	-16,1 %
1576 Aure	5,6 %	6,0 %	5,8 %	5,5 %	6,5 %	16,6 %
1577 Volda	6,0 %	6,6 %	6,7 %	7,7 %	6,4 %	-17,6 %
1578 Fjord	5,3 %	6,2 %	6,7 %	6,9 %	6,6 %	-4,0 %
1579 Hustadvika	5,7 %	6,2 %	6,0 %	6,9 %	6,0 %	-12,3 %